



Fiskeri- og kystdepartementet
PB 8118 Dep.
0032 OSLO

ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:
13/133-2/K2-U43, K3-&13/LPR

Direkte innval:
56527055

Stad/Dato:
22.03.2013

SÆRUTSKRIFT: Fråsegn til forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden

Formannskapet i Ulvik vedtok 20.03.2013 følgjande fråsegn til høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden:

FSK-015/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

1. *Ulvik herad er positiv til regulering av akvakulturnæringa gjennom eige forskrift, og støttar framleggget frå Ullensvang herad om innføring av kontrollerbare mål for evaluering av biomasse reduksjonens effekt på villfisk og økosystemet i Hardangerfjorden.*
2. *Det skal i snitt vera under 5% rømd oppdrettfisk i gytebestandane av laks i elvane i Osa og Tysso (Ulvik), etter at utfisking er gjennomført.*
3. *Ulvik herad ynskjer ein eventuell genbank lokalisert til Ulvik.*

Vedlagt ligg sakspapiret.

Med venleg helsing

Lars Præstiin
skogbruksjef

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

Høyring om utkast til forskrift om særskilt regulering av akvakultur i Hardangerfjorden

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskap	20.03.2013	015/13

Sakshandsamar Lars Præstiin	Arkiv: K1-	Arkivsaknr 13/133 - 1
---------------------------------------	-------------------	---------------------------------

Vedlegg:

Høring av forslag til forskrift om særskilt regulering av akvakultur i Hardangerfjorden 437808.pdf
437806.pdf
437828.pdf

Sakstilfang:

Saksutgreiling:

Fiskeri- og kystdepartementet har sendt forskrift om nytt forvaltningsregime for Hardangerfjorden på høyring. Høyringsfristen er sett til 22. mars.

Rådmannen i Ullensvang har utgreidd saken og gitt framlegg til fråsegn slik:

«Vedlegg:

Utkast til forskrift om særskilt regulering av akvakultur i Hardangerfjorden

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur, lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet m.v., lov 1. februar 2009 om forvaltning av naturens mangfold.

Saksutgreiing:

Fiskeri- og kystdepartementet sendte den 08.02.2013 forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden på høyring. Frist for å kome med høyringssvar er sett til 22. mars.

I april 2008 vart det bestemt at det ikkje skulle vera lov å auka produksjonen av anadrom opprettsfisk i Hardangerfjorden. Dette vedtaket kom i stand etter at ein i lengre tid hadde sett ei negativ utvikling av dei lokale viltlevande laksefiskstammane i området. I 2009 vart dette vedtaket heimla i ei eiga forskrift, som skulle regulera den ståande biomassen av oppdrettsfisk i Hardangerfjorden, den såkalla "frysforskrifta". Same år vart det sendt ut eit framlegg til ei ny Hardangerfjordforskrift, som mellom anna gjekk ut på å avgrensa den stående biomassen til 50 000 tonn fisk, som tilsvara storleiken på den stående biomassen i området på tidspunktet for høyningsframlegget. Framlegget møtte motstand frå fleire hald, men gjennom ein langvarig prosess har ein kome fram til framlegget som nå er sendt på høyring. Heradet har på eigenhand, og gjennom Hardangerrådet, gjeve uttale undervegs i denne prosessen.

I Hardangerfjorden er det tildelt til saman 100 løyve på til saman 87 158 tonn fisk. Framlegget med å setja ei grense på maksimalt 50 000 tonn for produksjon i konvensjonelle produksjonsløysingar, vil redusera biomassen i området med inntil 11,5 %. Dette vil gje ein reduksjon i produksjonen med ca. 10 000 tonn årleg, og medføra ein redusert eksportverdi på om lag 305 millionar. Når det gjeld sysselsetting vil denne reduserast med om lag 100 arbeidsplassar i regionen. For å kompensera for dette inntektstapet, og tapet av arbeidsplassar, vert det opna for at selskapa, for ein periode eller permanent, kan flytta delar av produksjonen ut av Hardangerfjordområdet. Om det vert produsert meir enn 50 000 tonn i ein periode på 2 månader etter kvarandre, vert biomassetaket redusert tilsvarende for kvart av løyva innanfor verkeområdet for forskrifta. Denne reduksjonen vil tre i kraft seks månader etter at vilkåra er oppfylt. Ein overproduksjon i området vil såleis få konsekvensar for alle produsentane.

Tilhøva for villaks og sjøaure i Hardangerfjorden har vore vanskelege i mange år. Det er fagleg semje om at lakselus og rømt oppdrettslaks er viktige årsaker til problema for viltlevande laksefisk i området. I 2010 og 2011 var det 8 registrerte episodar i Hardanger der det rømte til saman over 90 000 fisk. Når det gjeld undersøkningar av lakselus, syner tal frå 2011 og 2012, at 26 % og 12 % av laks undersøkt i sjø i mai/juni var dødeleg påverka. Tal for sjøaure i same periode var 16 % og 25 %. Tal for sjøaure undersøkt etter juli 2012, visar at 72 % var dødeleg påverka. Overvakinga til Havforskningsinstituttet syner at lusebelastninga på utvandrande smolt i Hardangerområdet har auka sidan 2010. Samstundes med desse registreringane vert det registrert at laksebestandane i Hardangerfjorden i liten grad oppfyller gytebestandsmåla.

Av andre tiltak i forskrifta er det framlegg om at det skal etablerast ein genbank for lakse- og sjøaurestammar i Hardanger. Det er i dag 18 sjøaurestammar og 10 laksestammar som er sjølvproduserande i Hardangerfjorden og områda rundt. Kostnaden for ein genbank er usikre, avhengig av kor mange stammer som vert lagt til ei slik ordning. Eventuell oppretting av ein slik genbank, er avhengig av løyving gjennom revidert nasjonalbudsjett i 2013.

Vurdering:

Det er mange omsyn som skal vegast opp mot kvarandre i Hardangerfjorden. Dette er mellom anna tilhøva for villevande laksefisk, villaksnæringa og fritidsfisket, og også omsynet til verdiskaping, sysselsetjing og produksjon i havbruksnæringa. Føremålet med forskrifta er å setja i verk tiltak som kan medverka til å gje ein betre miljømessig tilstand i område, for at både havbruksnæringa og villfiskinteressene skal verta ivareteke på ein god måte.

Hardangerfjorden er ikkje ein nasjonal laksefjord, men har likevel ingen fiskeoppdrett innanfor grensa Utne – Kvanndal. Slik har Hardanger sjølpålagt verna det indre fjordbassenget av Hardangerfjorden.

Om forskrifta skal ha verknad for å sikra dei opphavlege villaks- og sjøaure bestandane, må ein setja målbare maksimalgrenser for kor stort skadeomfang ein kan tillate på villfisken. Dette kan vera krav som til dømes:

- det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 lus per utvandrande laksesmolt fanga i verkeområdet for forskrifta.
- det skal ikkje vera prematurt tilbakevandra sjøaure i elveosane før 15. juni, i alle vassdrag innan verkeområdet for forskrifta.
- det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 % rømd oppdrettsfisk i gytebestandane av laks i elvane Opo, Kinso, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steinsdalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømd fisk er gjennomført.
- tidsfrist på maksimalt to år for at desse måla skal være oppfylt. Om ikkje må produksjonen av oppdrettsfisk reduserast for å oppnå måla.

Først når måltala er nådd, har me ei bærekraftig akvakulturnæring i Hardangefjorden. Dette kan verta vanskeleg om det skulle visa seg at det er trong for ein sterkare reduksjon av biomassen, enn det som vert realiteten ved ein maksimalproduksjon på 50 000 tonn.

Det er klart at den føreslegne reduksjonen med 11,5 % vil få regionale effektar på sysselsetning og økonomi for havbruksnæringa i Hardangerfjorden. Likevel bør det ikkje få avgjerande effektar for næringa, då det vert opna for at dei kan flytta produksjonen til eigna lokalitetar utanfor Hardangerfjordområdet. Det er òg mogleg at reduksjonen av løyve/biomasse vil ha ein positiv effekt med tanke på spreiing av smittsame sjukdomar mellom dei forskjellige

oppdrettsanlegga. I forskrifta vert det lagt opp til at alle aktørar må redusera produksjonen om produksjonen overstig 50 000 tonn. Dette vil krevja ein stor grad av samarbeid mellom aktørane, og det kan vera at enkelte kan misbruka tilliten til fellesskapet, når realiteten er at alle aktørane vert "straffa" om det vert produsert for mykje.

Turisme er den nest største næringa i heradet. Fisketurisme kan verta ein viktig del av dette konseptet. I tillegg kan lakse- og sjøaurefiske og aktiviteten rundt, kunne utviklast og utnyttast betre enn det ein gjer i dag. Det har ikkje vore råd å gje eit rimeleg overslag på verdien av eit betre laksefiske i Ullensvang, men tidlegare fiskeforvaltar hos Fylkesmannen i Hordaland, Atle Kambestad, uttalte i 2004 at verdien av fiske i Kinso kan koma opp i 1-2 millionar kroner.

Etablering av genbank for lakse- og sjøaurestammen i Hardangerfjorden vil vera eit godt avbøtande tiltak, sett utifrå den dramatiske situasjonen som mange av stammene har i dag. Når stammene etterkvarter når bestandsmåla, får ein vurdera om det er trøng for å vidareføra tiltaket.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ullensvang herad støttar i hovudsak framlegget til forskrift om særskilte regulering av akvakultur i Hardangerfjorden slik den ligg føre.
me oppmodar likevel departementet til å vurdera å setja kontrollerbare mål for å vurdera om reduksjonen i biomasse er tilfredsstillande i utfordingane som dei ville lakse- og sjøaurestammer i Hardangerfjorden har. Dette kan vera:

- det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 lis per utvandrande laksesmolt fanga i verkeområdet for forskrifta.
- det skal ikkje vera prematurt tilbakevandra sjøaure i elveosane før 15. juni, i alle vassdrag innan verkeområdet for forskrifta.
- det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 % rømd oppdrettsfisk i gytebestandane av laks i elvane Opo, Kinso, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steinsdalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømd fisk er gjennomført.
- tidsfrist på maksimalt to år for at desse måla skal være oppfylt. Om ikkje må produksjonen av oppdrettsfisk reduserast for å oppnå måla.»

Administrasjonen i Ulvik sin vurdering

Sakshandsamar i Ullensvang har gjort ein god jobb. Me stettar forslaget om innføring av kontrollerbare mål for evaluering av biomasse reduksjonens effekt på villfisk og økosystemet i Hardangerfjorden.

Ein mogeleg genbank for villfisk er nemnt i høyring brevet. Ulvik herad bør nytte høvet til å spille inn ynskje om lokalisering av ein slik genbank til Ulvik. Ved involvering av Hjeltnes Vgs i prosjektet kan skulens eksistens grunnlag aukast.

Rådmannen sitt framlegg :

1. Ulvik herad er positiv til regulering av akvakulturnæringa gjennom eige forskrift, og støttar framlegget frå Ullensvang herad om innføring av kontrollerbare mål for evaluering av biomasse reduksjonens effekt på villfisk og økosystemet i Hardagerfjorden.
2. Ulvik herad ynskjer ein eventuell genbank lokalisert til Ulvik. Hjeltnes vidaregåandeskule bør involverast i drifta.

20.03.2013 Formannskap

Endra framlegg frå formannskapet i 3 punkt:.

FSK-015/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Ulvik herad er positiv til regulering av akvakulturnæringa gjennom eige forskrift, og støttar framlegget frå Ullensvang herad om innføring av kontrollerbare mål for evaluering av biomasse reduksjonens effekt på villfisk og økosystemet i Hardagerfjorden.
2. Det skal i snitt vera under 5% rømd oppdrettfisk i gytebestandane av laks i elvane i Osa og Tysso (Ulvik), etter at utfisking er gjennomført.
3. Ulvik herad ynskjer ein eventuell genbank lokalisert til Ulvik.